

Twistaroos

24. januar 2004 · Haavebua



Kommer-04-Twistaroos

Frå arkivet

Besetning: Miss Goodvibe: Sang, tamburin, maraccas, triangel og blokkfløyte. Morty Mortaroo: Sang og elektrisk gitar. Otto "The Gamster" Gamstaroo: Slagverk og harmonisang. En bassist: Elektrisk bass-gitar utstyrt med ekstra tykke strenger som gir orkesteret en dypere og mer utfyllende "sound" og som tilfører vibrasjoner og svingninger også i de nedre regioner.

The Twistaroos - Ingen over

HAAVEBUA: Vibeke Saugestad er elska av rockeklubben og med god grunn. Fyrverkeriet frå festivalen i fjor sette spor og laurdag leverte ho på nytt. Sjølv om det berre var 150 tilstades fekk ho publikum til å verke eksklusive framfor fåtallige. (Foto: Dag Frøyen)

Med ein sceneenergi som olympiatoppen burde vurdert å støtte, kom det heftig rock frå Vibeke Saugestad og bandet The Twistaroos laurdag. Sjølv om kanskje fleire enn underteikna ville hatt ein reprise av bomba som gjekk av på festivalen i fjor, då Saugestad leverte det som har dei hardbarka rockarane i Rockeklubben har kalla den beste konsertopplevinga i Florø, vart The Twistaroos prosjektet noko annleis. Utan å samanlikne med Rai Rai rølp frå Namsos var dette suggerande rock'n roll som mana til deltaking. Den særprega stemma, den unike kontakten med publikum og showet gjorde at Saugestad hadde full kontroll.

Sjeldant har vi opplevd at alle i Bua har vore på dansegolv og føre scena samtidig. Etter hovudsettet gira mossejenta opp fire gir. Ein utveksling som fekk rockenestor Per Vidar Ottesen til å gripe mikrofona på scena og spontaninvitere alle på nachspiel med Vibeke i rockekjellaren.

Vibeke Saugestad viste at ho er aleine som rockedronning i Norge. Rock`n roll av beste merke og skulle vi kunne be rockeklubben om ein ny kjeledegge ala Raggle Taggle Gypsies? Vil vi gjerne ha Vibeke Saugestad.

Dag Frøyen Twistaroos-220104-FP GAV ALT: Vibeke Saugestad viste sitt scenetekke under konserten laurdag. (Foto: Dag Frøyen)

OM TWISTAROOS

Vi starter 2004 med å presentere et band fra Moss som etter eget utsagn har en skyhøy partyfaktor. De spiller en blanding av soul / rock`n`roll / r&b / twist / surf. etc. Med andre ord stilretninger som oppfordrer til syndig opptreden på dansegulvet. Altså en blanding som skulle være i stand til å ta pusten fra alle og enhver som vil innfinne seg på bua denne kvelden. De er kjent for å sette ethvert sted på hodet. Vokalisten i bandet er den ikke ukjente Vibeke Saugestad som besøkte oss på festivalen 2003. Alle som var der den lørdagen (det var smekk fullt) kan nok berette om en rockedame av det helt sjedne kaliberet. Det kokte mildt sagt over den kvelden. Hva er vel da bedre enn å starte rockeåret 2004 med denne damen og hennes kompanjonger i bandet Twistaroos.



Twistaroos-220104-FP



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Flørø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Samansett av flere originale artiklar. Kjelde-ID: 76, 89.